



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marte Bauge, 5557 2261

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
26.02.2015	
Ark.saknr 14/4796	Saknr.
Saksh. Ljøfbo	Fylkesmannen

Vår dato
24.02.2015
Dykkar dato
11.02.2015

Vår referanse
2015/2833 632.1
Dykkar referanse

Klage på det fysiske skulemiljøet på Knarvik barneskule

Fylkesmannen i Hordaland viser til klage frå Foreldreutvalet ved Knarvik barneskule (FAU) sendt til Fylkesmannen i brev av 11. februar 2015. Saka er journalført hos oss 19. februar 2015. FAU viser til at utvalet har klaga på det fysiske skulemiljøet på Knarvik barneskule, men at skulen enno ikkje har fatta vedtak i saka, sjå vedlagte klage. Siste brev frå FAU vart sendt til Lindås kommune i brev av 5. januar 2015.

Det følgjer av opplæringslova § 9a-2 at «Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane. Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane. Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar ...»

I klaga frå er det fleire tilhøve ved det fysiske skulemiljøet på skulen som FAU meiner er mangelfulle. Mellom anna klagast det på at:

- Det er for dårleg luftkvalitet og for høgt støynivå i skulen.
- Det er målt for høgt innhald av kuldioksyd i fleire rom.
- Innetemperaturen er til tider veldig ujevn og om vinteren kan det bli veldig kaldt i klasseromma.
- Det er born som har fått forverra sine fysiske plager av å vere på skulen (astma, allergi, hodepine, konsentrasjonsvikt, psykiske plager). Skulen er for liten i høve til dagens tal born
- Skulen er dårleg heldt vedlike
- Sanitære tilhøve er på delar av skulen utdatert og har for liten kapasitet i høvet tal born.

Det følgjer av opplæringslova § 9a-2 tredje ledd at dersom elevar eller foreldre opplever at det fysiske miljøet på skulen ikkje er tilfredsstillande, kan dei sende ein skriftleg klage til skulen. Klaga skal peike peke på kva som er i vegen med det fysiske miljøet, og eventuelt innehalde forslag om kva som bør gjerast for å forbetre det. Skulen skal fatte eit enkeltvedtak når det kjem ei klage. Den som ber om endringar i det fysiske miljøet på skulen, har også rett til å

klage om ein ikkje er nøgd med vedtaket til skulen, eller at vedtaket ikkje vert gjort innan rimeleg tid.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har fatta enkeltvedtak i saka. Brev frå FAU i klagesaka vart sendt til kommunen 5. januar 2015. På bakgrunn av at siste brev frå FAU vart sendt 5. januar 2015 ber vi i fyrste omgang om at kommunen tar stilling til saka etter opplæringslova § 9a-2. Vi ønskjer også at kommunen gjer greie for kva som blei bestemt på møte 2.oktober 2014 i saka om ny Knarvik barneskule og utbetringar på eksisterande skule.

Vi ber kommunen handsame saka «uten ugrunnet opphold», jf. forvaltningslova § 11a. Vi ber om tilbakemelding frå kommunen innan 24. mars 2015. Dersom skulen ikkje tar stilling til saka før denne datoen, vil vi handsame saka som om det var fatta eit enkeltvedtak i saka, jf. opplæringslova § 9a-2 fjerde ledd.

Med helsing

Hanne Melander
seniorrådgivar

Marte Bauge
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: FAU ved Knarvik Barneskole v/ leder Denise Pairry Hagen, Orresteinen25A, 5916 Isdalstø.